Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8. Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Jølster

Emne: Beit og brom Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Sv. Myklebust Gard: Veiteberg, Heggheim

(adresse): Veiteberg G.nr. 18 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her nyttast bjørkebeit, helst tegle ell. tagla av bjørkeriset (kr. 1 alin av finaste riset. Kross-Kommarar var eit godt merke på god beit 

2. Vi går i beitaskogen; går etter beit. Bruka vedasleden (ell. vogn om våren), drog beita ell. bar den på ryggen. Elles tok ein beita av vinterveden når ein hogg veden. No hogg ein gjerne beita av borkene før ein går laus på vedhogginga

3. Når det lid om jul tek ein til bruke beit, helst. Ikke til pinsaftan dreiv ein med beit. Eg huger ei pinsaftan vi laut stod etter beita-bygsov.

4. Anders Veiteberg: Før ville helst vi skulle bruke tollekniv å skjere beit med, elles sigd, snele og ljåsbrot

A. Åsen 80 år: „Eg såg morbror på Ljøsne stod hogg beita-tagl med ein snele.

2213

Heime hadde vi snele (lite brûksa) –
Trûleg var det bestefar Hans K. Myklebust
som gjekk Vestre jordbrûksskule Sogn
1850 åra, som har laga den.
5. Kyrne, sauene og geitene fôr
beita. Gjev beita for seg sjølv.
6. Beita hogg ein gjerne og legg
i store dungar; beitadunga, når
sjøsdira. På Klakegg kan ein
vanleg sjå geiter (og sauer) i
beitakosten. Geitene gneg og
borken av dei. – Men hos Kolbein
Veiteberg (far til Anders) hadde dei
ein beitahjelle åt beita, so ikkje
geitene skulle kome til (ein
la beita og oppå store steinar)
So sleppte dei stundom ût
Vrøtera og strådde beita ûtover
beitatunet åt dei. 
7. Kjenner ikkje segner om fast-
ande hjarta i dette høvet. Men
Lovisa Lyngstad, død 1940 (i 80 åra)
fortalde at ho stod opp skirtorsdag
i 4-5 tida og gjekk i lynget,
stelte kreatura og drog til kyrkja
ho og ferna i snøslapset, og var
det alt forgjang – trûleg fastande.
– Frå Oygarden er 2 mil til Helgheims-
kyrkja. Rakel (gift til Byrkjeflot Førde)
gjekk på fastande hjarta til kyrkja, men
heldt på og tok føre på heimvegen:
gjekk dei tunge vegane (1870 åra)



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING